



Fjordkonferansen
Stiftelsen for etterutdanning
og vitenformidling
Høgskolen i Ålesund
Postboks 1517
6025 Ålesund

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Næringsavdelinga
Fylkeshuset
Askedalen 2
6863 Leikanger

Sogndal/Ålesund, 23.05.2016

Fjordkonferansen 2016-2019 - tilsegn/lovnad om tilskot (sjå brev av 18.03.16).

Sak nr.: 15/11743-2. Justert/revidert søknad.

Vi viser til brev av 03.11.2015 der vi søker om kr. 175 000 (kompetansemidlar) for perioden 2016-2019 og tilsegn av 18.03.16 med følgjande vedtak:

«Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarende støtte».

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke at ein ikkje støttar tiltaket utover det ein har bunde seg til, dvs. totalt kr. 200 000. Halvparten av desse midlane vart utbetalt i 2014 og 2015. Dermed står det att kr. 100 000, sjå revidert finansieringsplan nedanfor.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare støtta Fjordkonferansen med kr. 100 000. Vi er så fri at vi søker om kr. 100 000 for åra 2016 og 2017, dvs. i samsvar med utbetalingane frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Resultatbudsjett	2016	2017	2018	2019	Summer
Inntekter					
Bidrag frå Sparebanken Møre	300 000	150 000	150 000	100 000	700 000
Bidrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune	50 000	50 000	-	-	100 000
Bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000	50 000	-	-	100 000
Bidrag frå høgskolane/initiativtakerne	180 000	120 000	220 000	170 000	690 000
Sum inntekter	580 000	370 000	370 000	270 000	1 590 000
Kostnader					
Honorar føredragshaldarar	40 000	40 000	40 000	-	120 000
Kostnader arrangement	40 000	40 000	40 000	-	120 000
Kostnader revjuarar	40 000	30 000	30 000	30 000	130 000
Kostnader antologiar	400 000	200 000	200 000	200 000	1 000 000
Rekneskap og revisjon	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
Diverse kostnader	40 000	40 000	40 000	30 000	150 000
Sum kostnader	580 000	370 000	370 000	280 000	1 600 000
Renteinntekter	2000	2000	2000	2000	8 000
Årsresultat	2 000	2 000	2 000	-8 000	-2 000

I oppstillingane over inntekter og kostnader har vi justert finansieringsplanen slik at det fell meir på høgskulane/initiativtakarane. I denne samanheng bør det nemnast at Sparebanken Møre alt har betalt inn heile summen på kr. 700 000. Høgskulane og Møre og Romsdal fylkeskommune har også betalt inn i samsvar med budsjettet for 2016, dvs. kr. 180 000 og kr. 50 000.

Planen har vore å gi ut to antologiar i 2016 og slik blir det. Den eine kjem no i juni og den andre i september. Bøkene vert publisert av Universitetsforlaget som «Open access».

Til den komande Fjordkonferansen no i juni er det meir enn 90 påmeldte. Det er «Sogn og Fjordane» som har arrangementsansvaret dette året, dvs. representantar frå Vestlandsforskning og frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Redaktøransvaret for komande antologi vil også vere frå dette fagmiljøet. Vi viser elles til heimesida vår: <http://fjordkonferansen.no/>

Skulle det dukke opp ny informasjon som er relevant for vedtaket som er fatta av Sogn og Fjordane fylkeskommune, skal fylkeskommunen bli orientert om dette.

Er det spørsmål, er det berre å ta kontakt.

På vegne av styringsgruppa for Fjordkonferansen/Fjordantologien


Øyvind Høgesen


Jon Gunnar Nesse